

Partnerskapsavtale

mellom

Hordaland fylkeskommune og HOG Energi

1. Formål

Hordaland fylkeskommune og HOG Energi skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet knytt til energinæringa og sektorovergrepande satsingar i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN).

2. Målsettingar

Partnerskapsavtalen skal medvirke til å realisere fylkeskommunale mål og strategiar for næringsutvikling knytt til energinæringa og sektorovergrepande satsingar, slik dette er formulert i gjeldande regionale planar på området, med særleg vekt på innsatsområda i HNN. I dei årlege tildelingsbreva frå fylkeskommunen kan dette bli nærare presisert.

Partnerskapen skal også medverke til å nå HOG Energi sin visjon om at Hordaland skal vere ein leiande energiregion. HOG Energi skal fremme viktige strategiske energisaker med potensial for næringsutvikling i regionen gjennom alliansebygging og prosjektutvikling i samspill med myndigheter, industri og FoU.

3. HOG Energi sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

HOG Energi skal som ein del av sitt virke:

- Arbeid/oppgåver knytt til hovudstrategiane og aktuelle innsatsområde i HNN
- Arbeide for verdiskaping, teknologiutvikling, og tilrettelegging av industri og arbeidsplassar innan energisektoren.
- Medverke til prosjekt- og utviklingsarbeid og iverksetting av konkrete tiltak/prosjekt i samarbeid med næringslivet.
- Etter nærare avtale vere ein utførande og koordinerande aktør i næringsutviklingsarbeidet mellom fylkeskommunen og aktuelle lokale, regionale og nasjonale aktørar.
- Andre oppgåver etter behov

4. Fylkeskommunen sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

Som delvis finansiering av oppgåvene nemnt under punkt 3 skal fylkeskommunen yte eit årleg økonomisk bidrag. Dei fylkeskommunale partnerskapsmidlane skal utbetalast innan 1. april kvart år, men ikkje før rapporten for året før ligg føre og er godkjent (sjå punkt 6). Partnerskapsmidlane er ikkje til hinder for at HOG Energi kan søke prosjektfinansiering til konkrete utviklingsprosjekt.

Fylkeskommunen deltek på administrativt og/eller politisk nivå i aktivitetar og prosjekt som partnaren er ansvarleg for etter nærare avtale.

Der kor det er naturleg, skal fylkeskommunen medverke til at partnar kan dra nytte av dei ressursane og den kompetansen som fylkeskommunen sjølv, og fylkeskommunen sine andre samarbeidspartnarar rår over.

5. Organisering av arbeidet

Det blir lagt til grunn at arbeidet blir gjort i nært samarbeid med administrativ og politisk leiing i fylkeskommunen. Arbeidet skal også koordinerast med BRB sitt arbeid med å gjennomføre tiltak i Strategisk næringsplan for Bergensregionen. Ut over dette er det opp til partner å avgjere kven dei vil samarbeide med og korleis dei vil organisera og drive arbeidet.

6. Rapportering

Fortløpande rapportering og dialog skjer gjennom regelmessige møte mellom partner og fylkeskommunen, dog minst 2 gonger pr år.

Innan 1. mars kvart år skal HOG Energi sende ein kortfatta rapport til fylkeskommunen. Det skal rapporterast på gjennomførte tiltak og oppnådde resultat i høve til oppgåvene nemnt under punkt 3 og til dei mål og krav som blir sett i dei årlege tildelingsbrev fra fylkeskommunen. Rapporten skal gje ei kort oppsummering av bruken av partnerskapsmidlane i høve i aktivitet og gjennomførte tiltak.

I tillegg skal HOG Energi sende årsmeldinga og revisorattestert årsrekneskap, til fylkeskommunen så snart dette ligg føre. Fylkeskommunen ber også om å få tilsendt kopi av eventuell anna årsrapportering til andre finansiørar.

7. Tidslengd, beløp, oppseiing og innsyn

Denne avtalen gjeld frå 2015 og til 2017 med eit årleg partnerskapsbidrag på kr 750 000. I tillegg kjem fylkeskommunen sin medlemskontingent i HOG Energi, for tida kr 100 000.

Det årlege partnerskapsbidraget frå fylkeskommunen kan bli justert som følge av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følge av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane. Større endringar i dei fylkeskommunale rammene for ordninga gir HOG Energi rett til å seie opp avtalen.

Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for HOG Energi gir fylkeskommunen rett til å reforhandla eller seie opp partnerskapsavtalen.

Ved mislighald kan begge parter seie opp avtalen med 1 månads varsel.

Dersom HOG Energi blir lagt ned eller misligheld avtalen, kan fylkeskommunen krevje heile, eller deler av, partnerskapsmidlane tilbakebetalt.


Fylkeskommunen eller fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Namn plikter å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.

Bergen 23.04.2015

For Hordaland fylkeskommune

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling



For HOG Energi

Ove Lunde
Direktør